

AKKURAT NÅ

Verdier

Her en dag var bilen på verksted, og mens jeg sto og venta på at den skulle bli ferdig, leste jeg omtrent alt som var å lese på veggene der. Ved en plakat ble jeg imidlertid stående og måpe: «Våre verdier:» sto det øverst på plakaten. Etterfulgt av fire verdier.

Akkurat nå husker jeg kun kreativ av de fire, men tror at pålitelig var en av de andre. Uansett; bilen ble klar, og alt så ut til å være bra. Men hvorfor ble dette kommunisert til meg? Ville jeg gått til et annet verksted dersom jeg ikke kunne stille meg bak verdiene? Hvorfor har verdier blitt en så selvsagt del av arbeidslivet?

Det er selvfølgelig Ingebrigt Steen Jensens skyld. Allerede på slutten av 90-tallet holdt han kurs og foredrag om å finne verdiene og få alle ansatte til å bli så fortrolig med dem at de like gjerne kunne hatt dem skrevet i panna. Da han i 2002 ga ut motivasjonsboka «Ona Fyr», spredte budskapet seg som ild i tørt gress. (Jada, jeg har selv brukt verdifull seminartid til å diskutere fram slike verdier. Først i smågrupper og så i plenum. Så langt har det kun resultert i floskler eller honnrørord som er litt for store for det min arbeidsplass egentlig kan stå inne for.)

Men har ikke Steen Jensen et lite poeng? Hadde ikke verden vært bedre om folk faktisk hadde verdiene sine rissa inn i panna? Da hadde man for eksempel latt være å kaste bort verdifull tid på den dama i baren med kjerneverdiene sparsommelig, hensynsløse og suverene. Og Beatles kunne ansatt joviale, morsomme og rause Ringo Starr med en gang, i stedet for å bruke tid på hans forgjenger Pete Best. Selv om beskrivelsen av Best egentlig er ganske tøff: Mean, moody and magnificent. De verdiene skal jeg foreslå for bilverkstedet neste gang jeg er der. Helt gratis.

A lad insane

Perspektiv




Munch I Oslo viser Munch-museet utstillingen «Munch blir 'Munch'. Kunstneriske strategier 1880 – 1892» fram til 11. januar. Her «Gamle Aker kirke», 1881, olje på papp.

Mannfolk et ikkje kliss

Han sa det aldri rett ut, far min, men han sa det likevel. Det var på dei mange helgeturane med vår gamle Austin Cambridge at han indirekte lærte meg at mannfolk ikkje et kliss.

Eg via to år av livet mitt til denne underlege forma for helgesyssel som det var å fylgje far min for å sjå på nyfjøsane åt bønder i dei mange avsideliggjande sunnmørsgrendene. Han var grundig slik, far min. Han ville ha mest mogleg førehandskunnskap før han sette i gong bygginga av eige fjøs. «Du veit,» sa han, «du kan ikkje stole på desse folka på Fylket... Høgt utdana er dei, papphanane, men mjølke kan dei ikkje».

Nei da, han hadde ikkje forakt for teoretisk kunnskap, berre for praktisk kunnskapsløyse. Derfor bygde han også ein langt større gjødselkjellar enn kva han fekk lov til. «Du veit, med alle regnværsdagane me har på Flø, lyt ein kalkulere med at det kan gå minst eit halvår mellom kvar gong ein kan køyre møkk». Berre få år etter kom krava som gjorde at ein ikkje fekk køyre gjødsel på tela mark. Då laut dei til med ekstra gjødselkumme dei som



hadde vore lydige overfor teoretikarane på Molde.

Men tilbake til det å eta kliss. Som sagt, det starta der, altså på desse turane eller rettare på ferjene. Ferjene som var som sjølve fridomen å rekne for oss ungene, der fekk me endeleg strekkje på føtene å renne av oss litt snar før neste køyreøkt. Han far og ho mor fekk seg kaffi, mor kjøpte seg ofte ei svele og medan far kjøpte ei lita plate firkløver. Det merkelege var likevel at firkløveren aldri vart fortært i salongen på ferja. Fyrst då me kom i bilen att, vart plata fiska fram frå innerlomma.

Gjennom nøye innstuderte prosedyrar delte far ut sjokolade, med stor møyre gav han ei lita rute til kvar av oss, fyrst til mor, så til seg sjølv og

endeleg ei rute på oss ungene til slutt. Resten vart lagt i hanskeromet i påvente av neste ferjetur. Var me då så frimodige at me spurte om meir, såg han forbina på oss i sladrespegelen og lurte på om han hadde høyrert rett.

«Unge, friske gutar må då ete retteleg mat, dokke kan då ikkje meine at dokke vil ha meir firkløver alt no,» sa han, før han la til: «Dokke kjem då til å hamne opp som fjøsteiknarar på Molde heile jengjen, om dokke held fram på denne måten.» Me forstod umiddelbart at det var einast teoretikarar utan kjennskap til det praktiske liv som meiska seg i sjokolade heile dagane. Den som hadde von om å verte ein retteleg gut, laut spare på søtsakene og late sjokoladen vika for tørrfisen.

Det var då. I dag sit eg på kontor og held meg med teoretiske fagbøker som nok overgår biblioteket åt dei fleste fjøsteiknarar, men enno heng lærdommen frå far min att: «Ekte mannfolk et ikkje kliss.»

Bjørn Egil Flø,
Bygdeforskning

bjorn.fl@bygdeforskning.no

Statsministeren



En pilot

som hadde fraktet 80 passasjerer fra Cardiff til Paris, måtte snu og fly tilbake, 20 minutter før landing. Piloten hadde ikke nødvendigvis trening for å lande i slik tett tåke det var i Paris denne dagen. Passasjerene ble irritert, men flymyndighetene sa han hadde handlet korrekt, melder Ananova.com.